

Fakulteta  
TMU  
UB

## Nye retningslinjer for behandling av personopplysninger i forskings- og studentprosjekt

Nye retningslinjer for behandling av personopplysninger i forskings- og studentprosjekt ved UiT Noregs arktiske universitet ligg som journalpost 1 i denne saka. Dei erstattar rutiner for behandling av personopplysninger ved Universitetet i Tromsø og er sett opp i samsvar med ny lov om personvern og personvernforordninga (GDPR)

Dei viktigaste endringane i høve til tidlegare rutinar er:

- Alle prosjekt der det skal behandlast personopplysningar skal meldast til NSD (Som før skal melding sendast seinast 30 dagar før prosjektet skal starta).
- NSD skal gjera personverntenester for UiT når det gjeld forskings- og studentprosjekt, og vil mellom anna bistå med å vurdere om det er grunnlag for den planlagde behandlinga.
- Også prosjekt som skal meldast til REK skal meldast til NSD.
- Studentar på lågare nivå enn masternivå må unngå å setja i gang prosjekt der det skal behandlast personopplysningar med mindre det er nødvendig ut frå læringsmåla.
- UiT har fått personvernombod, som mellom anna skal informera og gi råd til behandlingsansvarlege.
- NSD sitt meldingsarkiv er UiT sin protokoll over forskings- og studentprosjekt.

Retningslinjene tek til å gjelda straks. Dei vil bli lagde ut med lenke herifrå.

Vennleg helsing

Jørgen Fosslund  
universitetsdirektør

Pål Vegar Storeheier  
forskingsdirektør

Saksbehandlar: Olaug Husabø [olaug.husabo@uit.no](mailto:olaug.husabo@uit.no)

Kopi: UTA, ITA, KSA, personvernombodet

